

## Menighetsrådsmøte i Farsund menighetsråd

**Tid:** Torsdag 28. november kl. 19:15

**Sted:** K2

**Til stades:** Johannes Maubach, Hilde Rullestad, Arild Tobiassen, Marit Salvesen, Anders Numme, Randi Lohndal Frestad, Henning Huseby Jansen, Reidun Akersmyr Syvertsen, Heidi Karine Josefine Eilertsen og Thor Ullerø.

**Meldt avbod:** Marthe Beate Edvardsen, Benth Erik Castberg, Gunnar Fosslund, Elin Spinnangr Lundegaard Salvesen

Berit Velle Andreassen kom under sak 95/24.

**Opning:** Arild

**Kaffi:** Johannes

**88/24 Referat frå MR 24.10.24**

**Vedtak:** Referatet blei godkjent.

**89/24 Referatsaker**

- Diakoniutvalet 16.10.24

- AU 12.11.24

**Vedtak:** Referata blir tekne til orientering.

**90/24 Prestens 5 minutt**

Trond Rafoss tek på seg å leie økonomikomiteen kommande år.

Ukrainske flyktningar ønskjer å lage eit julespel slik dei er vane med i heimlandet sitt. Dette blir 14. desember kl. 12.00 i Frelserens kyrkje. Det er kafé både før og etter julespelet.

Tysdagstema for våren står i Menighetsbladet.

Bispevisitat blir enten seint i 2025 eller tidleg i 2026.

**91/24 Besøk av ein tilsett blir sett ut.**

**92/24 Val av leiar, nestleiar og referent for 2025.**

MR må velje leiar, nestleiar og referent for 2025 etter «Reglene om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet §1,3. ledd:

«3. Menighetsrådet/kirkelig fellesråd velger i det konstituerende møtet og senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder. Valget foregår skriftlig. Den som har vært leder i ett år, kan unnslå seg valg for det følgende år.»

Arild Tobiassen ønskjer å trekkje seg som leiar, og Hilde Rullestad har sagt seg viljug til å ta på seg leiarvervet. Både leiar og nestleiar bør vere i AU. Då er det berre Arild og Johannes Maubach som er aktuelle. Johannes tykkjer ikkje han kan ta på seg meir. Renate held fram som skrivar. Vala blei samrøystes.

**Vedtak:** Hilde Rullestad er ny leiar og Arild Tobiassen ny nestleiar.

**93/24 Gjevartenesta**

Informasjonsark om gjevartenesta var ikkje ferdig og kunne derfor ikkje delast ut i møtet.

## 94/24 Status trusopplærer

Trusopplærer Elen Kristin Meberg Seim er nå tilsett i 50% fast stilling.

**Vedtak: Saka blir teken til orientering.**

## 95/24 Finansieringsplan familiearbeidar og trusopplærer

Det er middel til 1,5 stilling. Henriette Ubostad har ei prosjektstilling som går ut ved nyttår. Arbeidet med å føre vidare prosjektstillinga som barne- og familiearbeidar held fram, og det blir no jobba med å arbeide ut ei skildring av stillinga som skal godkjennast i Fellesrådets arbeidsutval. MR må forfatte eit svar til Foreininga Bjørketun med bakgrunn i finansieringsplanen som blei lagd fram i FMR 23.09.24 for å føre vidare denne stillinga. Stillinga blir lyst ut no, og det må lagast ein stillingsinstruks.

	1,5 Årsverk
Totalt finansieringsbehov	1 300 000
Tilskudd	300 000
Restfinansiering	1 100 000
Bjørketun	140 000
Påske- og adv. marked	90 000
Givertjeneste trosoppl	120 000
Givertjeneste u.arbeid	100 000
Takkoffer trosoppl	120 000
Takkoffer u.arb.	80 000
Flaskeaksjon til u.arb.	60 000
Mannsmøtene, kollekt til u.arb.	20 000
Overskudd, café på K2	100 000
Kaperlotteri/kaperuka	20 000
Omdisponering av husleie	100 000
Restbehov	150 000
Usikre inntekter:	
<i>Endret fordelingsnøkkel FkF</i>	<i>100 000</i>
<i>Musikkmedarbeider lønnsmidler</i>	<i>140 000</i>

## 96/24 Nyttårskonsert 19.01.25 kl. 18:00

Gunnar F. har formidla arbeidsoppgåver som MR må fordele i samband med gjennomføringa av konserten 19.01.:

- **Alle** eller flest mogleg må setje av dagen og bidra. Éin er usikker. Kven deltek frå MR:

Desse tek ansvar for kiosksal: **Heidi, Hilde og Berit**

Me arrangerer ikkje utlodding.

- Billettsal: Både VIPPS og kontant. **Henning og Arild**. Det blir praktisert diakonale billetter for dei som ikkje har råd.
- **Alle** må vere med og rigge og rydde kyrkja.
- **Alle** bakar kake som skal seljast i kiosken.
- **Heidi** har lyst til å syngje.
- Det trengst éin eller to brannvakter.
- Elles er det lurt å invitere kulturskolen.

## 97/24 Status økonomi og budsjett

Arne Marthinsen har sagt seg viljug til å hjelpe til med utforminga av forslag til budsjett for 2025. Dette vil først kunne leggjast fram for MR i januar, og vil då bli kombinert med presentasjon av rekneskapen for 2024.

**Vedtak: Saka blir sett ut til januar.**

## 98/24 Møtedatoar for 2025

AU	MR	ÅRSMØTE
21.01.25	30.01.25?	
18.02.25	27.02.25	
		Søndag 09.03
18.03.25	27.03.25	
01.04.25	24.04.25	
13.05.25	22.05.25	
12.06.25	19.06.25	

Møta i AU 21.01 og 18.03 blir kl. 16.15 fordi det er tysdagstema desse dagane.

Henriette har føreslege at MR har møte ein tysdag og har middag med Fryd først. Derfor kan møtet 30.01 bli flytta til 28.01 dersom det passar for Trond Rafoss og Arne Marthinsen.

## 99/24 Ballongpartiet

**Bakgrunn:** Det blei spelt inn som sak til Diakoniutvalet å vurdere tilbud om å ta imot Ballongpartiet – og leggje til rette for dette som arrangement. Ballongpartiet har ein verdibasert profil der også trua og Gud blir nemnde, psykisk helse, song, og innslag som ifølge arrangøren vil eigne seg godt i kyrkja. Diakoniutvalet er positive til sjølve arrangementet, men ser på dette som ei sak som er for stor til at dei ønskjer å ta avgjerda aleine. Overskot frå arrangementet er tenkt til diakoniarbeidet i Farsund sokn, og har potensiale til å bli stort.

«Ballongpartiet» er leia og initiert av Einar Foss Kvavik frå Lyngdal, og han bed om at det blir sett ein dato no i november dersom FMR ønskjer å arrangere dette. Det er føreslått arrangert ein søndag i mars 2025, kl. 17:00. Men er konsert med General Forsamling 30. mars, og konsert med Reflex, SELA og Farsund u.kor 4. eller 5. april. Det er i tillegg komme førespurnad frå Farsund gutte- og pikekorps om konsert 13. mars.

**Økonomi:** det vil koste ca. 50 000,- for eksternt band og andre deltakarar som EFK. har med og brukt til tidlegare til gjennomføringar av arrangementet. Om Farsund sokn har høve til å stille med eige band, er arrangøren open for dette, og det vil kunne bidra til å redusere kostnadene vesentleg.

Det er behov for eigen lydmann til å styre lyd- og lysanlegget i kyrkja.

Ved tidlegare gjennomføringar i Lyngdal kulturhus og i Byremo har det vore fulle hus, og dermed liten økonomisk risiko knytt til arrangementet. Ved gjennomføring i Farsund vil dette truleg vere 3. og siste førestilling, slik at ein kan rekne med at det vil vere deltakarar frå Lyngdal som også er interesserte i å reise til Farsund for å få med seg arrangementet.

Diakon Astrid og spesialprest Runar skisserer også mogelegheiter for å søkje

kulturmiddel frå Farsund kommune, kulturmiddel frå Agder- og Telemark bispedømmeråd og frå Sparebanken Sør for å dekke delar av kostnadene.

**Inngangsbillett:** 150-200 kr.

**Publikumstal:** 250 +/-

Mange datoar er alt tekne. Det passar ikkje i mars.

**Vedtak:** MR er positive til dette, men på ei anna tid, og **under føresetnad om at** Farsund stiller med band for å få ned kostnadene. Diakoniutvalet blir bede om å jobbe vidare med dette for å finne ein annan dato og få ned kostnadene.

#### **100/24 Leigeførespurnad frå Farsund gutte- og pikekorps**

Farsund gutte- og pikekorps ønskjer å leige Frelserens kirke til korpskonsert 13.03.25.

**Vedtak:** MR lét dei få leige kyrkja på vanlege vilkår.

#### **101/24 Støydemping på kyrkjekontoret**

Kyrkjevergen har bede MR om å sjå på om det er mogleg å betre støydemping på kontora til dei tilsette. Det er svært lytt, og blir opplevd utfordrande med omsyn til teiingsplikt og personvern.

**Vedtak:** MR går inn for dette. Husstyret må komme med forslag innan kort tid.

#### **102/24 Eventuelt**

Foreldra til nokre konfirmantar ønskjer å få konfirmasjonen attende til våren. Dette blir teke opp til våren.

Gudstenesteutvalet føreslår strikkesgudsteneste.

Etter «Å syngje jula inn» blir det sal av vaflar, kakao og gløgg inne og grilling ute, men ingen kyrkjekaffi.

Neste møte blir 19. desember kl. 19.15 heime hos Henning i Haugbakken 49.

*Randi Lohndal Frestad*  
skrivar